

Aasen Line

Fra: charlotte.gruner@utdanningsforbundet.no
Sendt: 20. desember 2006 11:21
Til: Postmottak KD
Kopi: per.arne.sather@utdanningsforbundet.no
Emne: Høringssvar - endringer i friskoleloven
Vedlegg: Høringssvar forslag til endringer i friskuleova.DOC

KD
20 DES. 2006
20065083-45

Vedlagt følger høringssvar fra Utdanningsforbundet når det gjelder forslag til endringer i friskoleloven.

Vennlig hilsen

Charlotte Grüner
Utdanningsforbundet
Postboks 9191 Grønland, 0134 OSLO
Telefon direkte: 24142217
Charlotte.gruner@utdanningsforbundet.no



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Høyring - forslag til endringar i friskulelova

Generelt

Utdanningsforbundet meiner vi må få ei målretta satsing på kvalitet og mangfald i den felles offentlege skulen. Vi støttar derfor regjeringa sitt ønske om å stramme inn utbreiinga av friskular som ikkje utgjer eit religiøst eller fagleg-pedagogisk alternativ. For å få til ein god offentleg skule må ein satse på at kommunane og skulen blir sikra finansiering. Det krev ei styrking av kommuneøkonomien og minstestandardar i lovverket som sikrar minste ressursnivå. Ressursinnsatsen i skulen må konsentrerast mest mogleg om den offentlege skulen, i staden for at lovverket skal ha som formål å gjere det lettare å starte private skular med statsstøtte.

Utdanningsforbundet har derfor heilt frå starten vore sterkt imot den gjeldande friskulelova. Lova gir private skular rett til godkjenning og tilskot frå staten uavhengig av formål, så lenge dei oppfyller fastsette krav til innhald og kvalitet. Vi meiner at private skular framleis skal ivareta et religiøst/livssynsmessig alternativ eller eit fagleg-pedagogisk alternativ.

Utdanningsforbundet støttar regjeringa sitt ønske om å stoppe veksten i friskular og prioritere midlane til den offentlege skulen.

Vi er einig i at utviklinga i norsk skule dei siste 10-15 åra og den generelle samfunnsutviklinga gjer det nødvendig å klårgjere kva som skal rekna som pedagogiske alternativ, og i kva grad lova skal tillate at det blir oppretta private skular på religiøst grunnlag. Det er positivt at ein også tar sikte på å avklare tilhøvet mellom fagskular og friskular og at ein skal gjere ei vurdering av om all yrkesretta utdanning utover vidaregåande opplæring bør bli forankra i fagskulelova.

Lovtittelen

Utdanningsforbundet støttar forslaget om å endre lovttittelen frå friskulelova til privatskulelova eller lov om private skular med rett til statstilskot. Omgrepene "frittståande skular" er uheldig og gir assosiasjonar i retning av at offentlege skular er ufrie. Det er betre at skular i privat eige som får tilskot etter lova, får nemninga private skular. Å få fram at eigarskapen er privat, er viktig anten skulane får statstilskot etter privatskulelova eller driv utan statstilskot anten med godkjenning etter opplæringslova § 2-12 (grunnskular) eller utan godkjenning der det ikkje er krav om slik godkjenning (vidaregående opplæring).

Lova sitt verkeområde

Utdanningsforbundet støttar forslaget om ei presisering i privatskulelova § 1-2 om at lova ikkje gjeld fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester. Sidan det er stilt spørsmål ved lovtolkinga til departementet på dette området, er det naudsynt med ei slik presisering.

Skulane skal hjelpe elevane til å utvikle sosial kompetanse, kjensle av å høyre til eit fellesskap, og førebu elevane til ulike former for deltaking i samfunns- og arbeidsliv som byggjer på demokratiske verdiar og ideal. Det er ein føresetnad for å realisere desse måla at elevane er i eit læringsmiljø som er prega av samarbeid, dialog og meiningsbrytning, der elevane tek del i eit forpliktande fellesskap og i demokratiske prosessar.

Krav til grunnlag

Det er naudsynt med ei innstramming av friskulepolitikken og innføring av tilleggskrav for å få godkjenning etter lova med rett til tilskot. Formålet med dei private skulane etter lova må primært vere å drive skule, ikkje å gi opplæring til ei bestemt tru eller gi kunnskap om ein bestemt undervisningsfilosofi. Vi støttar forslaget om å nytte omgrepene "grunnlag" i staden for omgropa "grunnar" og "formål" som vart brukt i den tidlegare privatskulelova.

Religiøst grunnlag

Utdanningsforbundet meiner det er rett at privatskulelova opnar for at skular skal kunne godkjennast på eit reelt religiøst grunnlag. Vi sluttar oss til kravet om at den einskilde skulen må synleggjere verdigrunnlaget mellom anna i stiftingsdokument og i dei læreplanane som skulen skal følgje.

Pedagogiske alternativ

I tillegg til at skular skal kunne godkjennast på religiøst grunnlag, må det òg vere opning for godkjenning med rett til tilskot til det som i den gamle privatskulelova vart kalla pedagogiske alternativ. Sjølv om Kunnskapsløftet gir skulane større handlingsrom når det gjeld opplærings- og organiseringsformer, kan ikkje foreldre som ønskjer det, få tilbod om pedagogiske alternativ i sin heilskap, utan å søkje elevane inn på skular som er etablerte som eit fagleg-pedagogisk alternativ.

Departementet foreslår at ein i den nye lova skal nytte omgrepene "anerkjent pedagogisk retning" i staden for "fagleg-pedagogisk alternativ". I omgrepene legg departementet at opplæringa må representere ein samanhengande idé og eit verdigrunnlag som normalt ikkje kan realisera i den offentlege skulen. Pedagogikken skal vere utprøvd, utførleg beskriven i litteraturen, velrenomert og relativt utbreidd, og skulen må følgje eit heilskapleg pedagogisk opplegg.

Utdanningsforbundet ser at veikskapen i dette forslaget kan vere at det berre er særskilte pedagogiske retningar som har eksistert i ei årrekke, som kan godkjennast. Eventuelle nyutviklingar av pedagogiske alternativ kan få problem med å bli godkjent, og lova kan bli for lite utviklingsorientert. Likevel vil andre løysingar bli så vanskelege å avgrense i høve til dei pedagogiske moglegitetene og utviklinga i den offentlege skulen, at Utdanningsforbundet støttar forslaget om å nytte omgrepene "anerkjent pedagogisk retning". Forsøksheimelen i lova kan også gje moglegheit for å leggje til rette for utvikling i dei private skulane.

Vi er einig i at undervisningspersonalet i desse skulane, i tillegg til godkjent lærarutdanning eller godkjente alternative kompetansekrav, må ha ein tilstrekkeleg spesialkompetanse til å kunne

gjennomføre den anerkjente pedagogiske retninga. Vi sluttar oss også til at ein nasjonal modell eller tradisjon som til dømes ein fransk eller spansk læreplan, ikkje kan vere ei anerkjent pedagogisk retning.

Norske skular i utlandet

Regjeringa legg til grunn for sine vurderingar prinsippet om at norske statsborgarar som vel å flytte utanlands, må nytte dei velferdsordningane som finst i det landet dei flyttar til, til dømes når det gjeld helse- og sosialtenester og skule- og barnehagetenester. Utdanningsforbundet meiner det er rett å leggje dette til grunn som eit hovudprinsipp for dette politikkområdet, men det må ikkje føre til at ein ikkje tar andre omsyn, til dømes ved etablering av skular. Det må takast omsyn til tilhøva i det landet der ein søker om etablering av private skular, både når det gjeld infrastruktur, avstandar og kvaliteten på opplæringa. Ein må også ta omsyn til at elevane ofte har korte opphold i utlandet og skal tilbake til det norske opplæringssystemet og vere i stand til å fullføre opplæringsløpet i Noreg utan forseinking eller fråfall. Fleire av dei utanlandske skulane har elevar som er i utlandet av helsemessige grunnar

Når ein opnar for støtte til internasjonale skular i Noreg, mellom anna for å rekruttere utanlandsk arbeidskraft til norske bedrifter, må det vere rett at også nordmenn som for ein kortare periode har tilsetningsforhold i utanlandske verksemnder eller er på oppdrag for norske styresmakter eller organisasjonar, kan få eit opplæringstilbod for barna sine ved ein privat skule i utlandet, dersom forholda ligg til rette for det. Utdanningsforbundet meiner derfor at privatskulelova bør opne for at barn og unge som held til i utlandet, kan få eit tilbod om grunnskule eller vidaregåande opplæring ved ein skule godkjent etter privatskulelova. Vi er einig i at det må stillast krav om at dei norske skulane i utlandet følgjer den læreplanen som gild for offentlege norske skular.

Kvantitativt behov

Utdanningsforbundet støttar at privatskulelova ikkje skal opne for godkjenning av skular som blir etablert for å dekkje eit generelt kvantitativt behov. Sidan ungdom har rett til vidaregåande opplæring, er vi einig i at det som hovudregel ikkje er behov for private vidaregåande skular som driv opplæringa etter læreplanar som er identiske med læreplanane i dei offentlege skulane.

Vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett

Utdanningsforbundet viser til at også offentlege skular har tilbod som kombinerer toppidrett og vidaregåande opplæring innafor utdanningsprogram for idrettsfag. Fleire av desse skulane har samarbeid med olympiatoppen eller særforbund for ulike idrettar. Vi går derfor imot at privatskulelova skal opne for toppidrettsskular. Vi er einige i at det kan ikkje vere ei offentleg oppgåve å leggje til rette for toppidrett for barn i grunnskulealder.

Internasjonale grunn- og vidaregåande skular

Utdanningsforbundet meiner at privatskulelova skal opne for tilskot til internasjonale grunn- og vidaregåande skular i Noreg. Mange bedrifter som er avhengige av utanlandsk arbeidskraft, har behov for eit slikt tilbod for å gjere det enklare å rekruttere nødvendig kompetanse. Internasjonale skular kan også vere eit godt tilbod for norske elevar som har gått på liknande skular i utlandet eller har planar om å studere i utlandet. Vi er einige i at det framleis må vere eit krav at undervisningsspråket ved internasjonale skular ikkje kan vere norsk eller samisk, og at undervisningsspråket skal vere eit framandspråk som flest mogleg av innbyggjarane i Noreg meistrar.

Vi støttar framlegget om å innføre krav om at internasjonale skular skal drive verksemda si etter internasjonale planar som til dømes læreplanane til International Baccalaureate Organization (IBO), og at skulane må vere sertifisert av den organisasjonen som har utarbeidd planane. Det er bra at skulane som i dag ikkje bruker slike læreplanar, får ein frist på 3 år på å tilpasse seg krava. Vi er einig i at privatskulelova ikkje skal opne for skular som har internasjonal læreplan utarbeidd på eit religiøst grunnlag.

I likskap med departementet meiner Utdanningsforbundet det er positivt at fylkeskommunar gjev tilbod om vidaregåande opplæring etter internasjonale planar. Vi er nøgd med at departementet vil vurdere korleis dette tilbodet kan bli forskriftsfesta på ein god måte.

Grendeskular som eige grunnlag for tilskot

Det er viktig å halde fast ved prinsippet om at det er kommunane som har ansvaret for den offentlege skulestrukturen. Utdanningsforbundet er derfor einig i at det ikkje vere rett å opne for at grendeskular skal vere eit eige grunnlag for tilskot etter privatskulelova. Ei slik ordning vil kunne fungere som ei oppfordring til kommunane om å leggje ned den kommunale grendeskulen. Det kan reelt sett føre til ei privatisering av skular i utkantane av kommunane og opne for godkjenning av private skular med dei same læreplanane som i offentlege skular. Ei slik ordning vil bryte med prinsippet om at private skular som skal få tilskot etter privatskulelova, må byggje på eit særleg grunnlag. Vi støttar at foreldre og elevar som ønskjer eit privat tilbod på ein liten stad, må søkje om godkjenning på dei same grunnlaga som andre.

Friskulane for funksjonshemma

Departementet varslar ei særskilt vurdering av dei særskilte grunnskulane og vidaregåande skulane for funksjonshemma. Desse skulane har eit høgre tilskot enn andre friskular med parallellar i den offentlege skulen. Utdanningsforbundet meiner at mange av dei private skulane for funksjonshemma gir unike tilbod som byggjer på spesiell kompetanse utvikla ved skulane over år. Tilboda ved desse skulane finst oftast ikkje ved dei offentlege skulane. Vi er einig i at det ikkje blir gjort endringar for desse skulane før Stortinget har handsama den varsle vurderinga. Vi kan ikkje støtte forslaget om at det ikkje kan godkjennast nye særskilte skular for funksjonshemma.

Kva som skal skje med eksisterande friskular

Friskular som er godkjent etter friskulelova og ikkje oppfyller dei nye krava til grunnlag for statstilskot, vil stå i fare for nedlegging. Sidan det kan ramme elevane på ein urimelig måte, vil Utdanningsforbundet slutte seg til at desse skulane får høve til å drive vidare med rett til tilskot etter privatskulelova. Vi er einig i at det ikkje skal vere opning for godkjenning av driftsendringar for desse skulane i form av auka elevtal, nye trinn og nye utdanningsprogram. Berre nødvendige driftsendringar som følgje av endringar i offentlege læreplanar eller i strukturen for den offentlege grunnopplæringa, skal vere mogleg.

Vurdering av søknader om godkjenning

Utdanningsforbundet er einig i at den nye lova skal ha ei ordning med individuelle forvaltningsvedtak etter søknad. Søknadene skal avgjerast etter ei skjønnsmessig prøving av den enskilde søknaden på grunnlag av lova og nærmere kriterium i forarbeida til lova. Det skal med andre ord ikkje lenger vere ein lovfesta rett til godkjenning og tilskot etter lova. Departementet skal godkjenne nye skular og driftsendringar gjennom eit fritt skjønn, slik det var i den tidlegare

privatskulelova. Det er viktig at ei slik skjønnsmessig godkjenning også vil gje departementet høve til å stille vilkår for godkjenninga i dei einskilde sakene. Viktige omsyn i den skjønnsmessige vurderinga må mellom anna vere konsekvensar for den offentlege skulestrukturen, skulefaglege omsyn, behovet for skulen og budsjettmessige omsyn.

Vertskommunen eller vertsfylket for dei skulane som søker, må framleis gi uttale før det blir gjort vedtak om godkjenning. Vi støttar at skjønnstemaet ”vesentlege negative konsekvensar” ikkje blir vidareført, og understrekar at dette må innebere at departementet kan avslå ein søknad også der det ikkje er påvist vesentlege negative konsekvensar for vertskommunen eller vertsfylket. Det er positivt at vertskommunen og vertsfylket skal ha rett til å påklage departementets vedtak.

Oppstart og nedlegging av skuleverksemda

Vi støttar lovfesting av gjeldande praksis om at godkjenning fell bort, dersom ein skule ikkje er starta opp innan tre år, og at det same skal gjelde der skulen startar opp og deretter blir lagt ned. Lovfestning av gjeldande praksis vil føre til ein meir føreseieleg situasjon både for kommunar, fylkeskommunar og søkerarar.

Flytting og eigarskifte

Etter gjeldande forvaltningspraksis blir det stilt krav om at det skal sendast ny søknad dersom ein grunnskule ønsker å flytte til ein annan kommune. Dette er like relevant for fylkeskommunane som for kommunane. Utdanningsforbundet meiner det er rett å lovfeste kravet om ny godkjenning ved flytting. Ein må også lovfeste at eigarskifte må godkjennast av departementet. Dette er nødvendig for å sikre at dei private skulane som får statstilskot, får eigarar med vilje og evne til å følgje dei lovfesta krava til slik skuledrift.

Språkreglar

Utdanningsforbundet støttar at norsk eller samisk skal vere undervisningsspråk både ved private grunnskular og vidaregåande skular. Vi er einig i at dette kravet ikkje skal gjelde for internasjonale skular i Noreg. Vi støttar lovfesting av eit krav om at alle dokument som er viktige for skuleverksemda, skal vere tilgjengelege på norsk eller samisk. Det vil gjere kravet om at alle skular skal vere tilgjengelege for alle elevar og foreldre, meir reelt. Omsynet til effektiv sakshandsaming og moglegheit for tilsyn er òg ei viktig grunngjeving for kravet om at dokument skal vere tilgjengelege på norsk eller samisk

Forsøk

Det er bra at det igjen skal innførast ein forsøksheimel i privatskulelova på line med reglane i opplæringslova § 1-4. Det inneber at det kan gjevast løyve til forsøk for ei avgrensa periode i samband med pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Formålet med forsøka må vere å finne fram til betre ordningar, og at erfaringane kan brukast til å vurdere endringar i regelverket. Det må vere snakk om reelle forsøk som skal evaluerast. Heimelen må ikkje kunne nyttas med grunngjeving om at dei vanlege reglane ikkje passar for den aktuelle skulen.

Vidaregåande skuler som gir yrkesretta opplæring, som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlige skular

Utdanningsforbundet er einig i at ein må rydde opp i tilhøvet mellom privatskulelova og fagskulelova, og at dei skulane dette gjeld, må finne sin plass og få offentleg finansiering innafor

ramma av ein av desse lovene. Vi kan ikkje støtte framlegg om oppheving av kap 6A i privatskulelova etter ei overgangsperiode, der det ikkje vil vere tillate å godkjenne nye skular. Utdanningsforbundet meiner det er naudsynt å ha ein moglegheit for å godkjenne vidaregåande skular i små yrkesfag der den offentlege skulen ikkje lenger gjev tilbod. Utan denne opninga for offentleg tilskot etter privatskulelova vil tradisjonsrike yrkesfag, som til dømes treskjærar og skomakar stå i fare for å forsvinne, og viktige handverkskulturar vil gå tapt. Det er positivt at ein vil vurdere ei lovmessig ramme for vidareføring av dei skulane som ikkje vil vere i stand til å innrette seg etter fagskulelova eller privatskulelova i løpet av overgangstida. Vi er einig i at folkehøgskulelova vil kunne nyttast som ramme for å sikre desse skulane vidare godkjenning og offentleg finansiering.

Krav til skuledrifta

Utdanningsforbundet meiner det er særsviktig med tydelege reglar i friskulelova for å sikre at offentlege tilskot og skulepengar kjem elevane til gode og blir brukt etter føresetnadene i lova. Krava må vere innretta slik at tilsynet effektivt kan kontrollere at det ikkje skjer kryssubsidiering til verksemد som ikkje har rett til tilskot. Vi støttar derfor forslaget om at det ikkje lenger skal vere heimel for å gi dispensasjon for drift av anna verksemد enn det som er nemnt i lova. Det er nødvendig å vidareføre kravet om at skuledrifta skal organiserast som eige rettssubjekt. Skulane skal framleis kunne drive internat og skulefritidsordning som er knytt til skulen, men kravet om skilje mellom drift etter privatskulelova og internat- og SFO-drifta må vidareførast, mellom anna med krav om separat rekneskapsføring.

Det må framleis vere eit krav at dei private skulane skal vere registrert i Einingsregisteret. Det er bra at departementet vil klargjere at dette inneber at kvar einskilde fysiske skule skal registrerast som eit sjølvstendig rettssubjekt. Det betyr at ein sikrar seg mot at private skular kan vere registrert som undereiningar av ein annan juridisk person. Utdanningsforbundet er einig i at det skal vere krav om at skulane må dokumentere ein eigenkapital tilsvarende minimumsbeløpet i aksjelova, dvs. minst 100 000 kroner.

Minimumskrav til elevtal

Departementet gjer framlegg om å lovfeste eit minimumskrav til elevtal i private skular. I likskap med det som gjeld i den svenske lovgivinga, foreslår ein at minimumstalet skal vere 20 elevar. Hovudregelen blir då at private skular som har færre enn 20 elevar tre år på rad, ikkje kan få statstilskot. Kravet om minimum 20 elevar gjeld det samla tilbodet til skulen dersom ein skule har godkjenning både for eit grunnskuletilbod og eit tilbod om vidaregåande opplæring. Det skal vere ein smal unntaksheimel slik at departementet i heilt spesielle tilfelle kan fatte vedtak om unntak frå hovudregelen dersom kravet verkar urimeleg.

Utdanningsforbundet meiner at regelen om at private skular må ha minst 20 elevar må ha ein romslegare unntaksheimel slik at ikkje små skular i inn- og utland blir ramma på ein uheldig måte. Det må vere mogleg å gjere unntak frå kravet om minste elevtal ut frå vurderingar som til dømes skulens eigen situasjon, avstand til nærmeste skule og skuletilbodet og samfunnstilhøva elles i den kommunen eller det landet skulen ligg.

Krav til innhald og vurdering

Utdanningsforbundet støttar at privatskulelova skal få fleire forskriftsheimlar for å skape betre samsvar med reglane i opplæringslova, mellom anna for å sikre likebehandling av elevane og gjere det klårare kva som er meint med kravet om å sikre elevane ”jamgod opplæring”. Det blir foreslått

forskriftsheimlar for fastsetjing av nærmare krav til læreplanane, om fritak frå sidemål for elevar som får særskilt språkopplæring, godskriving av tidlegare gjennomgått vidaregåande opplæring eller praksis og fritak for den praktiske delen av faget kroppsøving i vidaregåande skule.

I høyringsbrevet vert det vist til at det har vore stilt spørsmål om forvaltinga kan fastsette eit maksimalt tal godkjente elevar på dei einskilte tilboda. Det er særskilt viktig at departementet fastset elevtalet på det einskilde trinn og utdanningsprogram samstundes med godkjenninga av læreplanane. Det gir særleg fylkeskommunane eit betre grunnlag for dimensjonering av eigne tilbod og vurdering av behovet for læreplassar. Utdanningsforbundet gjev sterkt støtte til lovfesting av at departementet, i samband med godkjenning av læreplanar, skal fastsette kva slags tilbod skulen kan gi og eit maksimalt elevtal på det einskilde tilboden.

Inntak av vaksne

Som hovudregel kan ikkje vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring få inntak til private vidaregåande skular med statstilskot. I 2004 vart det gjort eit unntak for skular som på den tida hadde vaksne elevar utan rett til vidaregåande opplæring, slik at dei framleis skulle kunne ta inn like mange slike søkjarar som det dei faktisk hadde i skuleåret 2004/2005.

Utdanningsforbundet meiner at privatskulelova må opne for at private vidaregåande skular skal kunne ta inn vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring, dersom det er plass ved skulane. Å stengje ute vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring, vil gjere det endå vanskelegare enn i dag å gi denne gruppa ei utdanning dei ønskjer seg, sidan fylkeskommunane i mange tilfelle ikkje legg forholda til rette for vaksne utan rett. Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring er også ofte søkjarar til skular med små yrkesfag der den offentlege skulen ikkje gir tilbod. Desse vaksne søkjarane er viktige for å oppretthalde truga handverkskulturar.

Organisering av elvane i grupper

Utdanningsforbundet meiner det var særskilt uheldig at klassedelingsreglane i opplæringslova vart oppheva. Sjølv om dei ikkje var gode nok som minstestandardar for å sikre ein lærartettleik som kan gje betre tilpassa opplæring, var dei likevel ei naudsynt sikring mot for store elevgrupper per lærar, og dei sytte for at skulane vart sikra ein minsteressurs til opplæringsverksemda.

Friskulelova har heller ikkje reglar som tilsvarer dei generelle rettslege standardane om forsvarlegheit i opplæringslova § 8-2 om organisering av elevane. Utdanningsforbundet støttar forslaget om å ta inn tilsvarande reglar i privatskulelova. Det inneber at grupphestorleiken skal vere pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg og ivaretaka elevane sitt behov for sosialt tilhøyr. Organiseringa skal til vanleg ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhøyr.

Vi meiner også at ein bør ta regelen om at kvar elev skal vere knytt til ein kontaktlærar, inn i privatskulelova. Utdanningsforbundet meiner dessutan at det er eit særskilt uheldig utslag av individualistisk tenking at reglane i opplæringslova om kontaktlærar ikkje inneber at kontaktlærarane har eit lovfesta ansvar for elevgruppa. Denne endringa i høve til ansvaret dei gamle klassestyrarane hadde, inneber ei svekking av det sosiale fellesskapet i elevgruppene og gir ikkje ei lovmessig sikring av at kontaktlærarane skal ha eit ansvar for læringsfellesskapet.

Offentleg tilskot og skulepengar

Utdanningsforbundet støttar sterkt målet om å førebyggje kommersielt motivert skuletablering og lekkasje av offentlege tilskott. Det er truleg tvilsamt om lovgivinga kan bli god nok til å hindre alle

moglegheiter til å ta ut midlar frå skulane. Dette må likevel ikkje stå i vegen for at ein legg inn ytterlegare restriksjonar for å hindre dette. Utdanningsforbundet går derfor inn for at det blir innført eit generelt forbod mot overføringer til eigarane.

Høyringsdokumentet viser til at Soria Moria-erklaeringa varsler ein gjennomgang av støtteordningane til dei private skulane. Departementet har vurdert om det er formålstenleg å endre dagens ordningar. Utdanningsforbundet er einig i at tilskotsgrunnlaget framleis bør vere gjennomsnittlege driftsutgifter per elev i den offentlege skulen. Tilskotsatsane må framleis reknast særskilt for barnesteget, ungdomssteget og dei ulike utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring. Dei må framleis differensierast etter kva for kommune skulane er lokalisert i og etter kor stor skulen er.

Vi sluttar oss til at reglane om skyss med vidare ikkje skal gjelde for elevar ved norske skular i utlandet.

Utdanningsforbundet er einig i at delvis dekking av skulepengar naturleg høyrer heime i regelverket for utdanningsstøtte og støttar at tilskot til kompletterande undervisning ikkje kan gjevast til elevar i private skulane med statstilskot.

Krav til rekneskapsføring, rapportering o.a.

Det er bra at det kjem forslag om å lovfeste at dei private skulane skal følgje rekneskapslova, bokføringslova og revisorlova. Utdanningsforbundet er einig i at det bør vere ein forskriftsheimel i privatskulelova om krav til rapportering frå dei private skulane.

Tilsyn og sanksjonar

Utdanningsforbundet meiner at tilsynet med dei private skulane må styrkast, og at tilsynet må få midlar slik at dei kan gjennomføre tilsyn på skulestaden i tillegg til kontroll av dokument. Departementet foreslår at reglane om sanksjonar blir tydeleggjort i ein eigen paragraf. Det blir òg foreslått ein eksplisitt regel om at brot på anna lov- og forskriftsverk, som til dømes likestillingslova eller marknadsføringslova, også kan føre til sanksjonar etter privatskulelova dersom brotet svekkjer tilliten styresmaktene har til skulen. Utdanningsforbundet sluttar seg til forslaga.

Andre forslag til endringar

Noreg har oppfylt forpliktinga om at ingen skal nektast rett til undervisning og har overhalde foreldra sin rett til å sikre utdanning i samsvar med eigen religiøs og filosofisk overtyding, gjennom det offentlege skuleverket og tilgangen til å etablere private skular etter opplæringslova § 2-12. Dermed går formålet i privatskulelova ut over krava i menneskerettsskonvensjonen. Vi sluttar oss derfor til at tilvisinga til styrking av stillinga til menneskerettane i formålsparagrafen kan fjernast.

Utdanningsforbundet støttar forslaget om ei presisering av at opplæring som er godkjent etter lova, til vanleg skal skje i eit undervisningslokale som er godkjent av departementet og at undervisningslokala må ligge innafor eit avgrensa geografisk område. Det er bra - men ikkje noko nytt - at kapittel 9A i opplæringslova om elevane sitt skolemiljø også gjeld for dei private skulane med departementet som klageinstans. Vi kan ikkje sjå at dette kan vere ei grunngjeving for at kravet om at departementet skal godkjenne utstyr, skal fjernast frå lova.

Vi er einig i forslaga om ei presisering av at retten til særskilt språkopplæring for språklege minoritetar og helsetilsyn ikkje skal gjelde for norske skular i utlandet.

Utdanningsforbundet meiner at manglande betaling av skulepengar er et privatrettsleg kontraktbrot, som ikkje bør kunne sanksjonerast ved bortvising av eleven. Desse tilhøva bør vere regulert i kontrakten mellom skulen og foreldra eller eleven. Vi sluttar oss derfor til framleggget om å ta heimelen til bortvising for manglande betaling, ut av lova.

Heimelen som opnar for bortvising, bør vere knytt til åtferda til eleven. Vi meiner likevel at heimelen ikkje berre må omfatte åtferd på skulen i skuletida, men også åtferda på ekskursjonar og undervisningsopplegg utanfor skulen, samt på veg til og frå skulen. Ein for snever heimel på dette området kan gjere arbeidet mot mobbing vanskelegare, sidan vi veit at mobbing knytt til skulesituasjonen ofte går føre seg på tilgrensande arenaer. Vi er einig i at det må vere dei norske vidaregåande skulane i utlandet som sjølv skal gjere vedtak om bortvising sidan dei ikkje er knytt til ein fylkeskommune i Noreg. Det er bra at departementet er klageinstans. Vi støttar òg forslaget om at departementet skal vere klageinstans ved vedtak om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring etter privatskulelova.

Reglane om tilsetting av undervisningspersonale har i dag ei tilvising til at arbeidsmiljølova §§ 13-3 og 13-4 gjeld ved tilsetting. Departementet foreslår ei liknande tilvising til diskrimineringslova §§ 4 og 7. Utdanningsforbundet forventar at arbeidsmiljølova §§ 13-3 pkt. 3 og 13-4 pkt. 2 ikkje gjeld tilsetjing av undervisningspersonale ved private skular etablert på religiøst grunnlag. Vi viser mellom anna til at høyingsdokumentet legg vekt på at formålet med dei private skulane etter lova er å drive skule, og ikkje primært å gi opplæring til ei bestemt tru eller gi kunnskap om ein bestemt undervisningsfilosofi.

Utdanningsforbundet meiner at leiarstillinga i private skular må få tittelen rektor, slik som i den offentlege skulen. Det vil understreke at dei private skulane er opplæringsinstitusjonar der rektor er pedagogisk, fagleg og administrativ leiar av skulen. Utdanningsforbundet meiner at stillinga som rektor (dagleg leiar) er særsviktig for både den pedagogiske og administrative verksemda til dei private skulane. Det må vere klare ansvarsliner mellom styret og rektor. Derfor bør det ikkje vere mogleg å delegera tilsetjing av rektor frå styret. Vi støttar forslaget om at styret skal tilsetje rektor (dagleg leiar), og at slik tilsetjing ikkje skal kunne delegerast.

Med vennlig hilsen
for Utdanningsforbundet

Torbjørn Ryssevik
avdelingssjef

Per Arne Sæther
seniorkonsulent

Kopi til: Unio v/Vigdis Olsen